

TAXI 1 AS
Postboks 2420 Drotningstveit
5834 BERGEN

Dato: 18.12.2017
Vår ref.: 2015/2797-12
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Att.: Robert Aasmul

Svar på spørsmål om ansiennitet

Ein viser til e-post av 11.12.2017 der du på vegne av Taxi 1 AS og deg sjølv stiller spørsmål om ansiennitet.

Fram til yrkestransportregelverket eventuelt vert endra, er det gjeldande regelverk som gjeld.

Tildeling med føretrinnrett går fram av yrkestransportforskrifta § 43. I utgangspunktet er det «*søker med minst to års ansiennitet som full tids drosjefører i løyvedistriktet*» som har føretrinnrett til ledig løyve. «Full tids drosjefører» gjeld berre dersom drosjeyrket er utøvd som vedkommande sitt hovuderverv. Dersom fleire søkjarar oppfyller minstekravet for føretrinnrett, går den med lengst ansiennitet først.

Føretrinnsretten gjeld berre for tildeling av eitt løyve. Dette betyr at løyvehavar som har drosjeløyve frå før, ikkje har føretrinnrett til ledig løyve, og kan setjast til side for andre som ikkje har løyve frå før.

Er det ikkje søkjarar med føretrinnrett, skal drosjeløyve tildelast etter yrkestransportforskrifta § 44. Løyvestyresmakta avgjer «etter eget skjønn» kven som skal tildelast løyve. Etter § 44 kan drosjeløyve tildelast innehavar av drosjeløyve og til selskap eller annan juridisk person.

Yrkestransportforskrifta § 43 kjem ikkje til anvending for selskap og spørsmål om ansiennitet har ingen relevans for Taxi 1 AS.

Personleg, dvs. som Robert Aasmul, kan du opparbeida deg ansiennitet som drosjeførar. All drosjekøyring må dokumenterast. Det går fram av yrkestransportforskrifta § 43, fjerde ledd at «*Ved fravær fra yrket som full tid drosjefører i løyvedistriktet over tre år, bortfaller tidligere opparbeidet ansiennitet.*»

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.